

# HØYRINGSFORSLAG TIL LOKAL FORSKRIFT OM SKULEFRITIDSORDNING FOR GRUNNSKULEN I BOKN KOMMUNE.

Heimel: vedteke av kommunestyret i Bokn kommune DATO med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova LOV-2023-06-09-30) § 4-5.

## §1

Eigartilhøve Bokn kommune står som opprettar og eigar av skulefritidsordninga i kommunen.

Vedtekten gjeld for dei kommunale skulefritidsordninga i Bokn kommune. Kommunedirektøren kan gjera mindre endringar av vedtekten som ikkje er av prinsipiell karakter. Formannskapet kan og gjera endringar i vedtekten som ikkje bind kommunen økonomisk ut over desse vedtekten.

Endringar i vedtekten som fører til endra rammer og/eller økonomiske konsekvensar skal avgjerast av kommunestyre.

## §2 Kriterium for opptak

Bokn kommune skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar frå 1.- 4. trinn samt barn med særskilte behov frå 5.- 7. trinn. Alle som er påmeldde innan fristen 1. mars får plass. Etter at fristen for påmelding har gått ut, får ein plass dersom det er kapasitet. Stadfesting av plass vert sendt ut når det er tildelt plass. Barnet beheld plassen til det er ferdig med 4. trinn eller til plassen vert sagt opp skriftleg og oppseiingstida har gått ut.

## §3 Opptaksmynde

Bokn skule har opptaksmynde.

Barnet skal som hovudregel få tilbod om plass på skulefritidsordninga.

Førerett til opptak i prioritert rekkefølgja, dersom det må prioriterast

1. Born med særskilde behov 1.-7. klasse.
2. Yngre born går føre eldre.
3. Born av einslege forsørgjarar.
4. Born som vert følgd opp av integreringstenesta som er for gamle for SFO, men som av ulike årsaker ikkje kan vera heime åleine.

## § 4 Opptaksperiode, oppseiing og endring av plass i skulefritidsordninga

Oppseiingstida av plassen i skulefritidsordninga er to månader frå den 1. i påfylgjande månad. Oppseiinga må være registrert seinast innan utgangen av mai dersom eleven ikkje skal nytte SFO plassen neste skuleår. Det er bindande påmelding til skulefritidsordninga. Sjølv om barnet ikkje har nytta plassen/byrja i SFO, må plassen seiast opp dersom den ikkje skal nyttast. Dersom ein vil auke opphaldstida, gjeld dette som ei påmelding til anna opphold og opptakskriteriene vert gjeldane. Ved ledig kapasitet kan skulen avtale å auke opphaldstida med umiddelbar verknad. Med ynskje om redusert opphaldstid vert det rekna som ei oppseiing av ein del av tilbudet, og reglar for oppseing gjeld.

#### §5 Betaling

Betaling for opphold blir etter dei satsar som til ei kvar tid er fastsett av kommunestyret og regulert ved indeksregulering kvar 1. januar. Betalinga vert fakturert 10 gonger per år. Juli er betalingsfri månad. For føresette med låg inntekt er det redusert foreldrebetaling for elevar i 1. - 4. klasse. Betalinga skal ikkje overstiga 6 % av samla personal- og kapitalinntekt. Den føresette som søker SFO-plass, vil få faktura og vert ansvarleg for betaling av denne. Dette gjeld også ved delt omsorg.

Det er innført moderasjonsordning med 12 timer gratis SFO for alle påmelde elevar på 1.-2. trinn, og fråtrekk for desse vert automatisk lagt til fråtrekk på faktura. Dersom barnet skal ha leksehjelp som ein del av skulefritidsordninga, skal det ikkje betalast for denne tida etter føresegna i Opplæringslova § 4-4. Det vert gjort fråtrekk i foreldrebetalinga for desse timane etter 1. januar, for hausthalvåret og etter 1.april for vårhavåret. Etter innføring av 12 timer gratis SFO, gjeld dette fråtrekket for dei borna som har tilbod om fem dagar SFO.

Ved 2 månadar uteståande betaling, vert plassen sagt opp med ein månad skriftleg varsel. Det er ikkje syskenmoderasjon på SFO.

#### § 6 Leike- og opphaldsareal

Skulefritidsordninga bruker skulens samla inne- og uteområde etter avtale med rektor.

#### § 7 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Kommunen har fylgjande tilbod om opphaldstid:

Alle skuledagar og fridagar (7:00-16:30)

Alle skuledagar (7:00-16:30)

Full dag 3 dagar (7:00-16:30)

Lang ettermiddag 5 d. (skuleslutt-16:30)

Lang ettermiddag 3 d. (skuleslutt – 16:30)

Kort dag (skuleslutt – 14:10)

Morgen + kortdag (7:00-14:10)

Skulefritidsordninga har ope alle skuledagar frå 07:00 til skulestart og etter skuletid til 16:30. På skulefridagar er åpningstida frå 07:00 – 16:30.

Tilbodet kan i ferieperiodar verte gitt i samarbeid med barnehagen.

Skulefritidsordninga er stengd i perioden f.o.m 15. juli t.o.m 14. august kvart år.

SFO er stengd jul- og nyttårsaften og onsdag før skjærtorsdag. I tillegg har SFO stengt fem kurs/planleggingsdagar i løpet av eit skoleår.

#### §8 Bemanning og leiing

Rektor er leiar for SFO. Ein av de tilsette i SFO har avsatt tid til å koordinere arbeidet. Det kan være inntil 15 barn per vaksen

#### § 9 Plan og kvalitetsmeldingar for SFO

Det skal fastsetjast årsplan for skulefritidsordninga årleg, denne vert drøfta i skulen sitt samarbeidsutval. Evaluering av tenesta inngår i skulen si kvalitetsmelding.

Planen skal innehalda:

- opningstider/-dagar
- organisering og bemanning
- årsplan - aktivitetar
- samarbeid skule/SFO/barnehage
- foreldresamarbeid

#### Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024